

## Nye fartsgrenser i Uskedalen.

28.09.2019



Frå dette punktet utanfor Skulebruo til nedkøyrsla utanfor Brekketoppen vert det 40 km/t

**Vi har tidlegare skrivt om at det vil koma nye fartsbegrensningar i Uskedalen. I desse dagar vert desse planane sett i verk. Dei nye fartssonene gjeld både på hovudvegen gjennom bygda, og på nedre del av dei to vegane som fører opp dalen på Døslandssido og på Kjærlandssido.**



50-sona vert no avlutta like før bakketoppen på Syne.

Nytt er det at det vert 40-sona gjennom sentrum. Denne er mellom nedkøyrsla til Hagetunet/barnehagen/Neset og like utanfor Skulebruo. Frå desse to punkta vert det 50 km/t både utover og innover som før, men innover er 50-sona forlenga. Den vert oppheva like etter avkøyrsla til Ospelunden og erstattar såleis den tidlegare 60-sona forbi Korsnes.

Både på Døslandssido og Kjærlandssido vert det no fartsgrense på 50 km/t i den nedre delen. På Kjærlandssido vert 50-sona oppheva like etter Myklebustsvingen medan den varer til nedre del av Djupehølen på Døslandssido. Vidare oppover i dalen er det ikkje fartsbegrensningar ved skilting, men alle må sjølvsgt tilpassa farten etter forholda.

Med dei nye fartsbegrensningane er det viktig at vi ikkje køyrer av gammal vane, men er vakne for å lesa skilta. Dette er viktige trafikksikringstiltak.



[På Kjærlandsida er endepunktet for 50-sona like ovanfor Myklebustsvingen.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland